



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

27 JUL 2015

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2014/095942-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.07.2015

Rv. 13 Klassifisering/ framtidig status på Gamlevegen i Skjervet etter opning av Tunsberg tunnelen - Granvin herad og Voss kommune

Riksveg 13 mellom Voss og Granvin er eit viktig nord-sør samband i indre del av Hordaland fylke.

Gamal Rv 13 utanfor Tunsberg tunnelen

Tunsberg tunnelen erstatta eksisterande veg frå Moavatnet i Voss kommune, ned Skjervet og til Øvre Vassenden i Granvin herad og vart opna i desember 2011. Skjervet med Skjervsfossen er ein av innfallsportane til Nasjonal turistveg Hardanger og har i dag verdi som turistattraksjon. Nasjonale turistveggar ynskjer å utvikla og markera Skjervet med Skjervsfossen. Etter at Tunsberg tunnelen opna er gamlevegen framleis open for ferdsel og har nå så å seia berre turisttrafikk. Sjølve Skjervet er vinterstengd med bommar.



Viser nye Tunsberg tunnelen og gamle Rv 13 frå Voss grense til Seim



Skjervet med Skjervsfossen i bakgrunnen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen Rv 13 Øvre Granvin – Voss grense (vedteken 14.12.2004 og revisjon vedteken 08.06.2011) vart det i planomtalen, som var til offentlig høyring i samband med planhandsaminga, beskrive:

Punkt 3.3

«Gamlevegen (noverande riksveg 13) er tenkt nytta som kombinert lokalveg / bygdeveg og gang- og sykkelveg. Det er difor ikkje planlagt samanhengande gang- og sykkelveg langs den nye vegen.

Ved Movatnet må det byggjast ny gang- og sykkelveg på ein 200 meter lang strekning. Denne til erstatning for den gamle som blir liggjande i ny trase for hovudvegen.»

Vidare i punkt 6.10

« Det er difor ikkje naudsynt med eit eige system langs ny veg.»

Statens vegvesen har starta klassifiseringssak for denne strekninga. Tunsberg tunnelen er ikkje open for gang- og sykkeltrafikk.

Det ligg føre tilråding til klassifisering av denne strekninga:


Heile gamlevegen Rv 13 (Rt 13) frå krysset ved Seim i sør til krysset ved Moavatnet i nord vert klassifisert som arm til Rv 13 med eigen Hp, men vil vera vinterstengd mellom bommane ved Skjervet og nord for gnr. 88/2, og vil fortsatt vera i statleg eiga.

Grunngeving:


Vegen er innfallsporten til Nasjonal turistveg Hardanger og i dag verdi som turistattraksjon. Nasjonale turistvegar ynskjer å utvikla og markera Skjervet med Skjervsfossen. Tunsberg tunnelen er ikkje open for gang- og sykkeltrafikk. Vegen er ein del av Nasjonale sykkelruter i Noreg.

Vegen kan vera omkøyringsveg om større tiltak må gjerast i Tunsberg tunnelen og tunnelen må stengjast.

Det vart sett av midlar til tiltak på eksisterande veg. Tiltaka var hovudsakleg knytt til Skjervet. Formålet med tiltaka er å oppgradera «Gamlevegen» som ein interessant og opplevingsrik alternativ for turistar.



Nasjonal sykkelrute nr. 3
"Fjord og fjell"
Nasjonal sykkelrute nr. 6
"Sognefjellsvegen"



Nasjonal turistveg Hardanger

Det har tidlegare vore drøftingar med Granvin herad og kome til konklusjonen ovanfor. Før vi sender dette forslaget til endring av klassifiseringa av vegen opp til godkjenning i Vegdirektoratet, ber vi om uttale frå dykk.

Klassifiseringssaka vert også sendt til Voss kommune og Granvin herad for uttale.

Uttalefrist vert sett til 28. august 2015.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef



Per Steinar Nedkvitne